



Seljord kommune  
Brøløsvegen 13 A  
3840 SELJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ailin Gundersen Aarnes, 33371183

## Vedtak om endra løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå Seljord tettbebyggelse i Seljord kommune

Vi viser til søknad datert 19.12.2024 (sist oppdatert 18.8.2025) om endra krav i utsleppsløyvet, samt til andre dokument i saka.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark gir Seljord kommune løyve til auka utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå Seljord tettbebyggelse, slik de har søkt om. Vi har i tillegg gått gjennom andre krav i løyvet, og har mellom anna lagt til spesifikke krav til leidningsnettet, i tråd med noverande praksis. Heile løyvet er skrive om på ny form. Det endra løyvet med vilkår er lagt ved.

Vedtaket gjeld frå dags dato.

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, og endra i medhald av § 18 tredje ledd. Vilkåra er sett i medhald av forureiningslova §§ 16, 22 og 40. Fristar for gjennomføring av tiltak er lista opp i tabellen på side 2.

Kommunen skal betale gebyr for Statsforvaltarens sakshandsaming, jf. forureiningsforskrifta § 39-4, som varsla i brev frå Statsforvaltaren. Vi fastset gebyret til 91 400 kroner.

**Oversikt over krav med fristar**

| <b>Tiltak</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | <b>Frist</b>                                                              | <b>Vilkår</b>                                    |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------|
| Ha oppdatert dokumentasjon på tettbebyggelsen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Kontinuerleg                                                              | 1                                                |
| Utarbeide miljørisikovurderingar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | 1.9.2026                                                                  | 2.6.1                                            |
| Utarbeide heilskapleg handlingsplan for avlaupsområdet, inkludert: <ul style="list-style-type: none"><li>• tiltaksplan for trinnvis tilknytning</li><li>• tiltaksplan for fornying av avlaupsnett</li><li>• tiltaksplan for kontroll med overvatn og anna framandvatn</li><li>• tiltaksplan for å redusere overlaupsutslepp</li><li>• tiltaksplan for auking av verknadsgrad</li></ul> | 1.3.2027                                                                  | 2.7<br>3.1.1<br>3.1.2<br>3.1.3<br>3.1.4<br>3.1.5 |
| Rapportere tilknytingsgrad                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Årleg innan 1.3.                                                          | 3.1.1                                            |
| Rapportere fornyingsgrad                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Årleg innan 1.3.                                                          | 3.1.2                                            |
| Oppdatere oversikt over leidningsnett                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Kontinuerleg                                                              | 3.1.2                                            |
| Rapportere korleis framandvatn inn på nettet er redusert                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Årleg innan 1.3.                                                          | 3.1.3                                            |
| Ha oppdatert oversikt over overlaup frå heile avlaupssystemet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Kontinuerleg                                                              | 3.1.4                                            |
| Rapportere overlaupsutslepp                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Årleg innan 1.3.                                                          | 3.1.4                                            |
| Gjennomføre planlagde tiltak for å redusere lekkasjar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Kontinuerleg                                                              | 3.1.5                                            |
| Oppdage og utbetre naudoverlaupsutslepp                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Kontinuerleg                                                              | 3.1.4                                            |
| Redusere lekkasjar frå leidningsnett                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Kontinuerleg                                                              | 3.1.5                                            |
| Rapportere verknadsgrad på leidningsnett                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Årleg innan 1.3.                                                          | 3.1.5                                            |
| Gjennomføre vassovervaking                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Årleg dei 3 første åra, deretter etter M-997   2018 (eller nyare versjon) | 8.2                                              |
| Sende inn fullstendig overvakingsrapport                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | 1.3 året etter gjennomføring                                              | 8.2.3                                            |
| Leggje inn overvakingsdata i Vannmiljø                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | 1.3 året etter gjennomføring                                              | 8.2.4                                            |
| Etablere system for vurdering av energiforbruk                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | 1.9.2026                                                                  | 9.1                                              |
| Rapportere avlaupsdata via Altinn (eigenkontrollrapport)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Årleg innan 1.3.                                                          | 11.1                                             |
| Rapportere vurdering av driftshøva                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Årleg innan 1.3.                                                          | 11.2                                             |



## Bakgrunn for saka

Seljord kommune søker om endra utsleppsløyeve for Seljord reinseanlegg med utslepp til Seljordsvatnet. Reinseanlegget har kapasitetsutfordringar under store årlege arrangement og ved påslepp av avlaupsvatn frå separate avlaupsanlegg. Nye og planlagde påkoplingar av bustader bidrar òg til behov for å auke kapasiteten. Det er planlagt ein buffertank for å handtere belastningstoppane, samt eit eige septikmottak.

Kommunen søker om å auke ramma i løyvet for årleg snittbelastning frå 2 000 pe til 4 000 pe. Maksveka, som frå før har hatt ei ramme på 3 000 pe, er søkt auka til 8 500 pe.

## Søknaden og faktagrunnlaget

### Tettbebyggelsen<sup>1</sup>

Storleiken på tettbebyggelsen er berekna etter norsk standard NS 9426<sup>2</sup> i samband med søknaden, og ligg føre i Sweco-rapporten *Kartlegging av tettbebyggelsen til Seljord reinseanlegg* datert 28.2.2024. Berekninga, jf. tabell 1, ligg til grunn for krava i det endra løyvet.

Kommunen vil dimensjonere reinseanlegget for 8 500 pe. Det er veka med Dyrsku'n som er rekna som maksveke.

| <b>Tabell 1</b><br>Følgjande berekningar av teoretisk maksbelastning i tettbebyggelsen ligg til grunn for det endra løyvet. |                                                   |                                                   |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------|---------------------------------------------------|
| <b>Kjelde</b>                                                                                                               | <b>Berekna BOF<sub>5</sub> pe per døgn i 2024</b> | <b>Berekna BOF<sub>5</sub> pe per døgn i 2034</b> |
| Fastbuande                                                                                                                  | 1682                                              | 1942                                              |
| Fritidsbustader                                                                                                             | 72                                                | 72                                                |
| Campingplassar og leirskule                                                                                                 | 238                                               | 238                                               |
| Hotell og overnattingsstader                                                                                                | 54                                                | 54                                                |
| Innpendling                                                                                                                 | 0                                                 | 0                                                 |
| Utpendling                                                                                                                  | 0                                                 | 0                                                 |
| Sjukehus, institusjonar og butilbod                                                                                         | 46                                                | 46                                                |
| Skule og folkehøgskule                                                                                                      | 99                                                | 99                                                |
| Serveringsstader                                                                                                            | 39                                                | 39                                                |
| Industripåslepp                                                                                                             | 28                                                | 28                                                |
| Påslepp frå separate avlaupsanlegg <sup>3</sup>                                                                             | 0                                                 | 0                                                 |
| Dyrsku'n                                                                                                                    | 5000                                              | 5850                                              |
| <b>SUM</b>                                                                                                                  | <b>7258</b>                                       | <b>8368</b>                                       |
| Veke angitt med teoretisk maksbelastning                                                                                    | Under Dyrsku'n (veke 36/37)                       |                                                   |

## Reinseanlegget

Reinseanlegget ligg søraust for Seljord sentrum, og tomta reinseanlegget ligg på er regulert til reinseanlegg i kommunedelplan for Seljord sentrum, vedtatt 29.06.2017.

Reinseanlegget har biologisk/kjemisk reinsing med MBBR, og brukar PAX som fellingskjemikalium. For å handtere avlaup i periodar med høg belastning blir det no etablert ein buffertank i forkant av det biologiske reinsetrinnet. I tillegg vil eit nyetablert septikmottak kunne ta imot rejektivann frå

<sup>1</sup> Vi nyttar omgrepet «tettbebyggelse» med tyding slik det er definert i forureiningsforskrifta kapittel 11.

<sup>2</sup> Norsk Standard for å fastsetje personekvivalentar (pe) i samband med utsleppsløyeve for avlaupsvatn.

<sup>3</sup> Påsleppsavtale sikrar at påslepp frå tette tankar ikkje skal skje i uka før og etter maksveka.



separate avlaupsanlegg og avlaupsvatn frå tette tankar, og behandlinga kan gå føre seg når anna belastning er låg.

Naudoverlaupet ved reinseanlegget er plassert etter heile reinseprosessen, og går til Bygdaråi. Naudoverlaupet er berre i drift når flaumvasstanden i resipienten er så stor at kapasiteten i utsleppsleidninga ikkje er tilstrekkeleg.

Det er oppgitt i søknaden at reinseeffekten dei siste fem åra har vore på om lag 92 - 94 % fosfor, 91 - 96 %  $\text{BOF}_5$  og 90 - 93 % KOF. Kommunen forventar ein framtidig reinseeffekt i samsvar med krava i forureiningsforskrifta, med 90 % reinsing av fosfor, 70 % reinsing  $\text{BOF}_5$  og 75 %  $\text{KOF}_{\text{Cr}}$ . I tillegg er det forventa at nitrogen blir redusert med 30 %. Seljord kommune har avtale med Sweco Norge AS om akkreditert prøvetaking, og anlegget er meldt inn i driftsassistansen i Telemark.

### Avlaupsnett

Det er oppgitt i søknaden at leidningsnett i Seljord i hovudsak er bygd ut som separatsystem, men at kommunen mistenkjer at det er områder der overvann er ført inn på spillvassnett. Det er ikkje installerte regnvassoverlaup på leidningsnett. Kommunen oppgir at dei har satt av 15 millionar til rehabilitering av leidningsnett for perioden 2020 - 2030, med fokus på framandvatn.

### Utsleppsmengder

I følge søknaden vil utsleppa etter reinsing i perioden 2024 - 2045 auke frå 120 til 155 kg fosfor/år, frå 12 047 til 15 510 kg  $\text{BOF}_5$ /år og frå 5 622 til 7 238 kg nitrogen/år.

### Resipientar

I følge Vann-nett (18.8.2025) er samla økologisk tilstand i primærresipienten Seljordsvatn deltaområde (ID: 016-11-1-L) *god*, og tilstanden er *god* for fosfor, nitrogen og forsuring. Planteplankton er registrert med *svært god* tilstand. Den kjemiske tilstanden er *ikkje klassifisert*. Diffus avrenning frå spreidde bustader og frå byer/tettstader er oppgitt å påverke vassførekomsten i middels grad med næringsforureining, medan reinseanlegget er oppgitt å påverke i liten grad.

I sekundærresipienten Seljordsvatn (ID:NO016-11-2-L), er samla økologisk tilstand *svært god*, og fosfor, nitrogen, forsuring og planteplankton er alle registrerte med *svært god* tilstand. Den kjemiske tilstanden er ikkje klassifisert.

Miljømålet for begge vassførekomstane er *god økologisk* og *god kjemisk* tilstand innan 2027.

I søknaden har Sweco rekna ut teoretisk konsentrasjon av fosfor og nitrogen i dei to vassførekomstane Seljordsvatn deltaområde og Seljordsvatn, ut ifrå belastninga som er førespegla i 2045. Utrekningane viser at resipientane ikkje vil bli forringa.

### Lukt

Det er oppgitt i søknaden at det har vore luktklager frå nabo på eksisterande anlegg, og at ventilasjonsanlegget skal utbetrast under ombygginga.

### Støy

I søknaden er det oppgitt at det vil vere noko støy ved slamtømming og ved påslepp frå private anlegg, og kommunen vil derfor avgrense tidsrommet for slikt mottak.



## Naturmangfald

Nord for utsleppet ligg deltaområdet *Seljordsvatn NV*, som er registrert i naturbase med viktig verdi. Det er registrert fleire trua arter av fugl som jamleg nyttar deltaområdet, mellom anna storspove, fiskemåke, dverglo, hettemåke, bergand og dvergdykkar.

I Seljordsvatnet er det storaure, som har svært stor verdi i følge nasjonal handlingsplan for storaure.

Sweco skriv i søknaden at elevmuslingen er sårbar for vasskvalitet og føretrekker relativt oligotrofe forhold, men at det er lite truleg at arten finst i influensområdet til Seljord RA. Det er tidlegare oppgitt at retning på straumar, og lang avstand frå utsleppet, reduserer risiko for ein eventuell påverknad betydeleg.

## Brukarinteresser

Bjørgesanden Seljord Camping, som ligg i Seljordsvatn deltaområde, er i Vann-nett (18.8.2025) oppgitt som *beskytta område - badevatn*. Det er i søknaden oppgitt at helserisikoen for badarar er neglisjerbar, ettersom utsleppet frå reinseanlegget ligg på andre sida av Vallaråi og Bygdaråi enn badestranda.

Seljordsvatn er i Vann-nett (18.8.2025) oppgitt som *beskytta område – drikkevatn*.

## Høyring

Søknaden var på høyring frå 28.2.2025 til 1.4.2025. Det kom inn ei fråsegn, ho var frå Mattilsynet.

Mattilsynet peiker på at Seljordsvatnet er ein beskytta vassførekomst grunna brukarinteresser knytt til drikkevatn og friluftsliv, og uttaler seg til Seljordsvatnet som drikkevassforsyning. Dei skriv at vassføringa i Vallaråi styrer vasstraumar, og at råvassinntaket til Seljord vassverk derfor ligg meir beskytta. Mattilsynet saknar risikovurdering av påverknad av drikkevatnet i dagens situasjon, ved høgare utslepp, ved uønskt utslepp og for eventuelle private vassforsyningar. Dei peiker på ansvaret vassverkseigar har for å sikre at drikkevatnet blir beskytta mot forureining.

Høyringsfråsegna blei 3.4.2025 sendt til Seljord kommune, og vi fekk 30.4.2025 kommentarar til fråsegna, utarbeidd av Sweco.

Sweco minner om at utsleppa over lengre tid i realiteten har vore høgare enn grensa i noverande utsleppsløyve, og at ombygging av anlegget totalt sett vil gi betre kontroll på utsleppa, og mindre risiko for uønskte utslepp og overlaup.

Driftsassistansen har vurdert den mikrobielle barrierestatusen på vassverket, og konkluderer med at vassverket er moderne, med robuste løysningar, og at vassbehandlinga har særskild god hygienisk sikkerheit, også ved forverra råvasskvalitet.

Når det gjeld private vassforsyningar, skriv Sweco at alle campingplassar har etablert desinfisering av råvatnet med UV. Kommunen har vurdert at berre éin heilårsbustad med direkteuttak er aktuell for vurdering i denne saka, basert på type vassinntak og avstand frå utsleppet. Sweco oppgir at kommunen vil varsle aktuelle innbyggjarar via sms ved planlagde eller uventa hendingar.



## **Lovgrunnlag og myndigheit**

### **Forureiningslova**

Når forureiningsmyndigheita vurderer om vi skal gi løyve og når vi fastset vilkår etter § 16, skal vi leggje vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheldt med fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11, femte ledd.

At forureininga er tillaten, hindrar ikkje erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Forureiningsmyndigheita kan i følge § 18 tredje ledd endre løyvet 10 år etter at det blei gitt.

### **Forureiningsforskrifta**

Forureiningsforskrifta del 4 om avlaup skal beskytte miljøet mot uheldige verknader av utslepp av avlaupsvatn. Kapittel 11 gir generelle føresegn knytt til avlaup. Kapittel 14 gjeld for utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå tettbebyggelse med samla utslepp større enn eller lik 2 000 pe til ferskvatn og elvemunning, eller større enn 10 000 pe til sjø.

Statsforvaltaren er forureiningsmyndigheit etter kapittel 14. I medhald av forureiningsforskrifta § 14-4 kan ingen setje i verk nye utslepp eller auke utslepp vesentleg utan at løyve er gitt.

Krava i forureiningsforskrifta kapittel 14 er minimumskrav for utslepp av kommunalt avlaupsvatn. Vi kan stille strengare krav for å vareta måla i vassforskrifta om god tilstand eller godt potensiale i resipienten.

### **Naturmangfaldlova**

Statsforvaltaren legg forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 og prinsippa i §§ 8 til 12 til grunn ved avgjerder som råkar naturmangfald. Føresegna omhandlar kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, samla belastning, miljøforsvarlege teknikkar og at kostnadar skal berast av tiltakshavar.

### **Vassforskrifta**

EUs vassdirektiv er implementert i norsk rett gjennom vassforskrifta. Vassforskrifta har miljømål for vassførekomstane om at desse skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand eller potensiale. Når Statsforvaltaren fattar vedtak om løyve etter forureiningslova, skal vassforskriftas prinsipp leggjast til grunn, for å sikre heilskapleg tilnærming til beskyttelse av vassførekomstane.

## **Vår vurdering**

### **Generelt**

Avlaupsreinseanlegg og avlaupsnett utgjør viktig infrastruktur for å redusere forureining til vatn og vassdrag. Samstundes kan ukontrollerte utslepp frå reinseanlegg, utslepp gjennom overlaup og lekkasjar på leidningsnettet utgjere fare for forureining.

### **Utslepp**

Vi har vurdert dei forureiningsmessige ulempene auka utslepp til Seljordsvatnet kan føre til, og fordelar og ulemper det vil kunne gi dersom kommunen får løyve til utsleppa de søker om.



Etter vår vurdering, verker løysinga kommunen no etablerer robust for handtering av store avlaupsmengder under festivalane i bygda, og egna for å ta imot septik frå separate avlaup. Det er i søknaden sannsynleggjort at det vil bli større kontroll med at utsleppa blir reinsa tilfredsstillande.

Vi ser det som formålstenleg å knytte fleire bustader, både eksisterande og nyetablerte, til eit velfungerande reinseanlegg med høggradeleg reinsing og utslepp til ein robust resipient, slik kommunen planlegg, trass i at dette aukar belastninga på anlegget.

Vi legg til grunn berekningane som er lagt fram i søknaden, som viser at resipienten vil tole dei utsleppa det er søkt om av fosfor, organisk stoff og nitrogen, og at det ikkje vil føre til at tilstanden blir forringa.

I lys av at reinseanlegget har rapportert reinsegrader for BOF og KOF godt over 90 % under normale høve (utanom Dyrskulingen) dei seinaste åra, i kombinasjon med prinsippet om at forureining skal reduserast så mykje som mogleg, (vilkår 2.3 i Løyvet), meiner vi det er rimeleg at utsleppsreduksjonen for organisk stoff blir sett strengare enn minimumskrava i forureiningsforskrifta på 70 % for BOF og 75 % for KOF. Dei utfordrande driftshøva som kan følgje med varierende belastning, gjer likevel at vi set grensa lågare enn 90 %. Vi vurderer at krav om 80 % reinsing av BOF og KOF ikkje vil gje urimelege ekstrakostnader, og skal vere mogeleg å gjennomføre trass i variasjonar i belastning.

Ramma i Løyvet er knytt til storleiken på tettbebyggelsen i maksveke. Berekninga de har lagt fram når det gjeld påverking i resipienten, baserer seg på belastninga slik den er størstedelen av året, utanom festivalar, og svarar til 4 000 pe. Vi stiller derfor krav om maksimale årlege utsleppsmengder, basert på dei belastningane de har presentert i søknaden på 4 000 pe.

Vi har ikkje stilt krav om nitrogenreinsing, då tettbebyggelsen er under 10 000 pe. Vi har likevel sett krav til måling av nitrogen i innlaup og utlaup i ein treårsperiode med same frekvens som andre kjemiske prøver, slik at ein opparbeider kunnskap om kor mykje nitrogen reinseanlegget slepper ut. Vi meiner det er rimeleg at de kjenner til kva reinseanlegget slepper ut, og at kostnaden kommunen vil få ved denne ekstra analysen vil vere marginal.

### **Avlaupsnett**

For å sikre at avlaupet i tettbebyggelsen blir reinsa slik det skal, er ein avhengig av at transportsystemet frå bustadene til reinseanlegget fungerer. Det kjem fram av søknaden at kommunen ikkje har full oversikt over tilstanden på avlaupsnettet. Krava vi har sett om tilknytning, fornying, framandvatn, overlaup og verknadsgrad, samt tiltaksplanar for gjennomføring av dette, skal sikre at leidningsnettet blir haldt ved like og at de gjer tiltaka planmessig.

### **Resipientar**

Statsforvaltaren vurderer at med dei avgrensingar som er sett i Løyvet, vil utsleppa ikkje påverke miljøtilstanden i Seljordsvatnet negativt, heller ikkje ved utsleppsnivå som er forventa i 2045. Krava til resipientovervaking, er dei same krava som de fekk pålegg om 3.7.2023. Vi ser det som føremålstenleg å samle dei gjeldande krava til Seljord reinseanlegg i same dokument (Løyvet).

### **Lukt**

Ut i frå opplysning om at det tidlegare har vore enkelte luktklager, og at kommunen planlegg tiltak på ventilasjonsanlegget for å redusere lukturen, har vi sett luktkrav i Løyvet.



## **Støy**

Vi har sett støykrav i tråd med Klima- og miljødepartementets støyretningslinje T-1442, ettersom det vil vere noko støy ved handtering og påslepp av slam. Vi legg til grunn at kommunen gjennomfører tidsavgrensinga for slamtømming og septikpåslepp, slik det står i søknaden.

## **Naturmangfaldlova**

Vi har lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 til grunn ved vurdering av søknaden og når vi har sett vilkår. Med opplysningar innhenta om resipienten i søknadsprosessen meiner vi at kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vareteke, og vi nyttar ikkje føre-var-prinsippet (§ 9). Seljord kommune ber kostnadene ved utsleppsreduserande tiltak (§ 11) og må nytte miljøforsvarlege teknikkar for å avgrense skader på naturmangfaldet (§ 12). Vi har vurdert den samla belastinga (§ 10) på økosystemet som akseptabel.

Generelt er elveutlaup og grunne deltaområder særskilt viktige for fugl for rast, hekking og overvintring. Ettersom utsleppa skjer 300 meter frå land, og på 30 meters djup, meiner vi meirutsleppa i resipienten ikkje vil påverke fuglelivet i området negativt.

Så vidt vi kjenner til, er elvemuslingen i seinare tid berre observert nedstraums i Bøelva. Vi vurderer derfor at utsleppa til Seljordsvatnet ikkje vil påverke elvemuslingen, då den geografiske avstanden til Bøelva er stor, og utsleppet vil tynnast tilstrekkelig ut innan det kjem til elva.

## **Brukarinteresser**

Etter vår vurdering vil ikkje auka utslepp påverke badevasskvaliteten i betydeleg grad, ettersom den nyetablerte buffertanken vil redusere risiko for ukontrollerte utslepp, og dei store vassmassane i Seljordsvatnet vil tynne ut utsleppa.

Basert på at vassverket er etablert etter reinseanlegget, og dermed er designa for å handtere situasjonen, saman med informasjon frå driftsassistansen om at vassverket har særskilt god mikrobiell barrierestatus, også ved dårlegare vasskvalitet, ser vi det som forsvarleg å gi løyve til auka utslepp i Seljordsvatn, trass i at dette er ein drikkevassskjelde. Vi legg til grunn at kommunen inkluderer drikkevasskvalitet i miljørisikoanalysen, jf. vilkår 2.6.1, og at de organiserer beredskapen deretter, jf. vilkår 7.

## **Klagerett**

Seljord kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. I ei eventuell klage bør de oppgi grunn for klaga og kva for endringar de ønsker. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha betydning for saka kome fram.

Klagefristen er tre veker frå de har tatt imot dette brevet. De skal sende klaga til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Miljødirektoratet er klageinstans.

Med helsing

Siv Hege Wang Grøvo  
fagsjef

Ailin Gundersen Aarnes  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Vedlegg:

1 Vilkår - endra utsleppsløyve - Seljord reinseanlegg

## Kopi til:

MIDT-TELEMARK KOMMUNE

Bøgata 67

3800 BØ I  
TELEMARK

Midtre Telemark vannområde

Seljord camping

Seljord ferieland

Sanden camping

Garvikstrondi Camping

Telnessanden Camping

Seljord Jakt og Fiskelag

BIRDLIFE NORGE AVDELING TELEMARK

Gamle Siljanveg 28

3719 SKIEN

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD  
TELEMARK

Stasjonsvegen 17

3800 BØ I  
TELEMARKFORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I  
TELEMARK

Postboks 3089

3707 SKIEN

NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK

c/o Helge Granlund  
Kåsafeltet 4

3692 SAULAND

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Postboks 2844

3702 SKIEN

MATTILSYNET

Felles postmottak  
Postboks 383

2381 BRUMUNDDAL